

INTERPELLASJON TIL VESTLAND FYLKESTING 15. OG 16. DESEMBER 2020.

Til fylkesordfører Jon Askeland (SP).

WIZZ AIR UT AV VESTLANDET OG LANDET – NORSK LØN FOR FLYARBEIDARAR I NORGE!

Det ungarsk-eigde lågprisselskapet Wizz Air er i ferd med å etablere flygingar på fleire norske ruter. Dette skjer medan koronapandemien og krisa i norsk luftfart er ein realitet. Wizz Air har profilert seg som eit fagforeiningsfiendtleg selskap, som vil knuse alle forsøk på fagorganisering både i Norge og andre land. Dette er uttalt politikk og praksis frå m.a. konsernsjef Jozsef Varadi.

Ifølge Dagens Næringsliv må pilotane i Wizz Air betale sykepengar sjølve, samstundes som dei kan seiast opp på dagen. I følge frifagbevegelse.no endte eit forsøk på å starte ei fagforeining for Wizz Air-ansatte i Romania i 2014 med at 19 fagorganiserte fekk sparken. Dette er uakseptabelt.

Då EØS-avtalen vart vedtatt i Stortinget i 1992, vart det hevda at avtalen ikkje ville omfatte norsk arbeidsliv – og det skulle vere nulltoleranse mot sosial dumping. Det motsette har skjedd. LO og dei største LO-forbunda har vedtatt at ILO-konvensjonar, den norske Arbeidsmiljølova og norske tariffavtalar skal ha forrang foran EØS-avtalen. Slik Raudt ser det, så hadde det aller beste vore om Noreg snarast mogleg vart meldt ut av EØS. Raudt meiner at alle som er opptatt av kampen mot sosial dumping bør kunne vere samde om at så lenge Noreg er med i EØS, så bør handlingsrommet innafor EØS-avtalen nyttast fullt ut i Norge.

Wizz Air bryt utan tvil både ILO-konvensjon 87 og den norske grunnlova paragraf 101 om retten til fagorganisering. Pilotforbundet har alt oppmoda politiet om å etterforske selskapet.

Internasjonale konvensjonar avgrensar adgangen for flyselskap til å driva innanrikstrafikk i andre land enn der dei høyrer heime. Chicago-konvensjonen frå 1944 gjev statar rett til å nekte kabotasje i lufta. I staden for å sjå på at ein skandinavisk flybransje havarerer, kunne regjeringa ha brukt denne konvensjonen til å stoppe Wizz Air.

Norske styresmakter bør stanse Wizz Air si verksemd i Norge så lenge dei ikkje respekterer norske løns- og arbeidsvilkår og organisasjonsrett, og fordi selskapet bryt med internasjonale konvensjonar.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Deler fylkesordføraren dette synet på Wizz Air, eit syn som Raudt samt store delar av norsk fagrørslé og det norske folk står saman om?
2. I fall svaret er ja, kva vil fylkesordføraren gjere for å freiste å hindre at Wizz Air får fly på ruter i Vestland fylke og resten av landet?

Framlegg til vedtak:

Norge er eit langstrakt land der flytransport og ikkje minst kortbanenettet er viktig for å binde landet saman. Vestland fylkesting meiner at det er behov for ein nasjonal flybransje i samsvar med norske tariffavtalar og norske løns- og arbeidsvilkår. Wizz Air står i dag for det motsette og er eit trugsmål mot den norske modellen i arbeidslivet og norsk luftfart.

Vestland fylkesting vil på det sterkaste oppmode norske styresmakter om å vise handlekraft for å få Wizz Air ut av den norske flymarknaden om dei ikkje respekterer spelereglane i norsk arbeidsliv. Dette må skje uavhengig av kva EØS-avtalen sitt overvaksningsorgan ESA i Brussel måtte meine. Inntil dette skjer, vil Vestland fylkeskommune boikotte å nytte Wizz Air og melde til Luftfartstilsynet at Wizz Air er uønska på flyplassar i Vestland fylke.

Fylkestingsgruppa til Raudt Vestland v / Anders Hamre Sveen